



Verneområdestyret for Stølsheimen

SAKSBEHANDLER: ØISTEIN AASLAND ARKIVKODE: 2012/1742 - 432.2 DATO: 12.04.2012

## STØLSHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE - REFERAT FRÅ MØTE I VERNEOMRÅDESTYRE

Tid: Måndag 12. mars (sak 1 - 3) kl. 13.50 – 14.10 og tysdag 13. mars 2012 (sak 4 – 7) kl. 8.30 – 12.00  
Stad: Kviknes Hotell i Balestrand

### TILSTADES:

FRÅ VERNEOMRÅDESTYRET I STØLSHEIMEN:

ODDVAR ØSTERBØ, HØYANGER KOMMUNE

MARTA FINDEN HALSET, VIK KOMMUNE

HANS ERIK RINGKJØB, VOSS KOMMUNE

SILJE HJEMDAL, HORDALAND FYLKESKOMMUNE (TILSTADES UNDER SAK 1 TIL 3)

### VARAMEDLEMMAR:

LIV ANNE AANESEN, MODALEN KOMMUNE

OLAV TURVOLL, VIK KOMMUNE

HENRIK OPPEN, SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

### Andre:

Nils Kvamme, SNO Stølsheimen

Kristoffer Ullern Hansen, SNO Aurland

Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar

Tom Dybwad, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Øistein Aasland, Fylkesmannen i Hordaland

### Sakliste:

1-2012: Godkjenning av innkalling og dagsorden  
Innkalling og dagsorden vart godkjend.

2-2012: Konstituering av verneområdestyret i Nærøyfjorden

- a) Val av leiar:  
Marta Finden Halset, ordførar i Vik kommune vart vald til leiar.
- b) Val av nestleiar:  
Hans Erik Ringkjøb, ordførar i Voss, vart vald til nestleiar.

### 3-2012: Val av arbeidsutval (AU)

- a) Val av to medlemmar til AU:  
Hans Erik Ringkjøb og Oddvar Østerbø (Høyanger kommune) vart vald til AU i tillegg til Marta Finden Halset som er leiar i verneområdestyret.
- b) Val av to vara til AU:  
Silje Hjemdal, Hordaland fylkeskommune vart vald som vara for Hans Erik Ringkjøb  
Karen Marie Hjelmeseter, Sogn og Fjordane fylkeskommune vald som vara for Oddvar Østerbø
- c) Rammer for delegering av saker til AU (jf. vedtektene)  
Tom Dybwad viste til MD sine vedtekter for verneområdestyra og orienterte om at saker til AU gjeld søknader om motorferdselsaker og fornying/forlenging av løyve som styret har gjeve tidlegare. Alle inngrepssaker skal handsamast av verneområdestyret.

Møtet utsett etter sak 3, og starta igjen dagen etter frå sak 4 (denne delen av møtet vart halde saman med verneområdestyret for Nærøyfjorden).

### 4-2012: Kompetanseprogram:

- a) Historia, verneverdiar, prosess, verneforskrift, arbeidsområde og utfordringar. Innleiingar v/ Øistein Aasland (FM i Hordaland) og Nils Kvamme (SNO Stølsheimen)

### 5-2012: Orienteringssaker:

- a) Status forvaltningsplan og skjøtselsplanar:  
Øistein Aasland orienterte om at gjeldande forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde er godkjend 1998. Dette er ein gamal plan som er moden for revidering. Det vert opp til verneområdestyret å starta opp arbeidet.
- b) Status fagleg rådgivande utval:  
Øistein Aasland orienterte om at invitasjon til å vere med i fagleg rådgivande utval for Stølsheimen landskapsvernområde vart sendt ut i desember 2011 etter vedtak på møtet i verneområdestyret 06.12.2011. Følgjande instansar er inviterte til å bli med, og alle som er inviterte til fagleg rådgivande utval er bedne om å oppnemne representant):
  - Grunneigarar i:
    - Voss
    - Modalen / Vaksdal (grunna lite areal i verneområdet er det tenkt at det kan stille ein grunneigarrepresentant frå dette området)
    - Vik
    - Høyanger
  - Naturvernforbundet i Hordaland / Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
  - Bergen Turlag
  - Fjellheimen villreinutval/-villreinnemnd
  - Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), faggruppe landskapsøkologi
  - Bergenhalvøens kommunale kraftselskap (BKK)
  - Fylkesmannen i Hordaland
  - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

I tillegg vil SNO vere representert på møta, men ikkje vere ein del av det fagleg rådgjevande utvalet.

- c) Status administrativt utval:  
Øistein Aasland orienterte om at kommunane og fylkeskommunane er bedne om og oppnemna administrativ kontaktperson som vil inngår i administrativt utval. Vedkomande vil vere bitjar for representantar i verneområdestyret ved behov.

- d) Orientering om økonomiske midlar til tiltak (Bestillingsdialogen) i 2012:  
Øistein Aasland orienterte om bestilte midlar (møte i verneområdestyret 6.12.2011) og tildelte midlar (brev enno ikkje sendt frå SNO). Styret bad om i alt kr. 310.000,- og fekk kr. 200.000 til innsendte tiltak, som skal prioriterast av styret. I tillegg får styret "frie" midlar i form av eit grunntilskot på 50.000,- + 110,- pr km<sup>2</sup> vernet areal. For Stølsheimen vil dei "frie" midlane utgjere om lag kr. 91.500,-

6-2012: Val av to medlemmar (i tillegg til leiar) til å underskrive møteprotokollen:  
Val blir gjort på neste styremøte.

7-2012: Eventuelt:  
Deltakarane i styret sender reiserekning og krav på møtegodtgjersle til sekretær for områdestyret. Møtegodtgjersle vert betalt ut for inntil 6 timar pr. dag, og til dei som ikkje har anna godtgjersle som politikar.

*Utdrag frå nettsida til FAK-dep: STYRER, RÅD OG UTVALG (pkt [10.14.2](#))*

*Følgende veiledende satser gjelder for utvalgsgodtgjøring fra 1. januar 2012:*

**Leder og medlemmer**

*Leder: kr 496,- pr. time*

*Øvrige medlemmer: kr 376,- pr. time*

**Selvstendig næringsdrivende**

*Arbeider i møter: kr 1 035,- pr. time*

*Møteforberedelser: kr 376,- pr. time*

**Erstatning for tapt arbeidsfortjeneste**

*Dokumentert tap i arbeidsinntekt inntil kr 1 651,- pr. dag.*

*Tapt arbeidsinntekt som ikke kan dokumenteres, men som kan synliggjøres, kan dekkes med inntil kr 664,- pr. dag.*

*Der virksomheten opererer med faktureringskrav til den enkelte medarbeider, kan tapte inntekter for virksomheten dekkes av oppdragsgiver. Det presiseres at fullmakten til å dekke slike utgifter tilligger fagdepartementet. Fra 1. januar 2012 har FAD fastsatt en veiledende sats på kr 1 087,- pr. time + merverdiavgift.*

*Referent: Øistein Aasland 20.03.2012*

Helsing

Anbjørg Nornes

Sekretær verneområdestyret for Stølsheimen